



Alf Eidsvik ny dagleg leiar i Palfinger Marine AS

**Alf Eidsvik frå Uskedalen blir ny dagleg leiar i Palfinger Marine Safety AS. Han overtek dermed ansvaret for 222 tilsette fordelt på Seimsfoss og Ølve. Eidsvik har solid erfaring frå industrien, med over 20 år fartstid hjå Eidsvik Skipsbyggeri før han starta i Noreq i 2008.**

I 2013 vart han tilsett som teknisk sjef for Harding Safety, som vart det nye namnet til Noreq og Schat Harding etter samanslåinga.

I 2016 vart Harding Safety kjøpt opp av Palfinger Marine. Eidsvik er i dag teknisk direktør for LSE\*-divisjonen i selskapet, med ansvar for å byggja opp ei solid teknisk avdeling. Alf er allsidig, og har fokus på at selskapet skal tenkja nytt, ha fokus på produkt utvikling, samt drive god butikk.

Han ser fram til å ta fatt i den nye stillinga og er takksam for at selskapet viser han denne tilliten. Han ynskjer ein open dialog med dei tilsette og starta fredagen med å samle sine kollegaer til felles informasjonsmøte.

Det viktigaste for bedrifta er driftige, lojale og positive medarbeidarar, seier Alf. Han ser lyst på framtida, og er glad for at bedrifta har solide eigarar frå Austerrike i ryggen.

Pressemelding og foto: Palfinger Marine AS

Nett: Thor Inge Døssland